

Oslo, 1. november 2004

Norges vassdrags- og energidirektorat
Pb 5091 Majorstua

0301 Oslo

UTTALE - 420 KV TJELDBERGODDEN - TROLLHEIM

Vi viser til NVEs utsending av 5. august i år.

Vår uttale er ei sams fråsegn frå våre fylkeslag i Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og sentralledet i Norges Naturvernforbund.

KONKLUSJON:

Konsekvensutgreiinga viser at tiltaket har svært store negative konsekvensar for naturmiljøet. Det kan sjå ut til at moglege alternative trasear berre i mindre grad kan løyse desse problema. Naturvernforbundet kan ikkje sjå at det er så tungtvegande behov for lina at vi kan akseptere så store inngrep.

Konsekvensutgreiinga viser til at det er ei lokalisering av gasskraftverk til Tjeldbergodden som skapar behovet for kraftlina. Dei sentrale spørsmåla blir då:
- Kan kraftunderskotet i regionen løysast på andre måtar, t.d. med annan energi, forsyning frå andre stader eller ved redusert kraftbehov?

Til vurderinga av kraftbehovet

I konsesjonssøknaden (s. 10) er det opplyst at prognosane bygger på 1% vekst i kraftforbruket pr. år. Naturvernforbundet er ikkje kjent med at det er nokon naturlov som seier at forbruket må auke. Ei auke i kraftforbruket er i svært stor grad politisk bestemt. Ein kan velje mellom at forbruket ikkje skal auke som fast faktor som alt anna må innrette seg etter, eller ein vél å la forbruksauke vere ein slik fast faktor. Vi vil ha eit kjempeproblem i Noreg viss vi i all framtid skal auke kraftbruken med 1% årleg. Vår påstand er at ei forbruksauke på årlege 1% er problemet, ikkje at vi kan få kraftunderskot. Vi bør gjere noko med problemet, ikkje med symptoma. Difor kan vi like godt først som sist syte for at kraftforbruket ikkje aukar. Utvikling skal i staden skje ved omdisponering og effektivisering. Vi meiner at prognosar som bygger på 1% auka forbruk er feil grunnlag for dei vedtak som skal gjerast.

Verknad for sentralnettet

Naturvernforbundet er usikre på om omsøkte kraftline vil auke tilførsla av kraft til Møre. Overføringskapasiteten vidare frå Trollheim og sørover er vel ganske lik den som kjem frå Klæbu. Dvs. at tiltaket til ein viss grad vil gjere lina frå Klæbu til Trollheim overflødig heller enn å auke kapasiteten inn i området. Viss dette er rett oppfatta, meiner Naturvernforbundet at det manglar utgreiing av ny trase mellom Trollheim og Viklandet for å få ei heilskapeleg vurdering.

Til trasevala vil Naturvernforbundet peike på følgjande

1. Den første strekninga frå Tjeldbergodden har berre eit utgreidd alternativ. Det er påvist ei rad ulemper med dette alternativet. Kryssinga av Årvågsfjorden, og føringa vidare mot Bakksætra og Sjølisætra er heilt øydeleggande for landskapet her, men inngrepa elles er også

vanskelege. Vi er kjent med at det har vore drøfta eit meir austleg alternativ som kan sjå ut til å unngå ein del av problemstillingane. Vi krev at dette alternativet konsekvensutgreiast, og at noverande konsekvensutgreiing ikkje blir godkjent utan nemnte tilleggsutgreiing.

Når det gjeld omsøkte alternativ vil vi peike på at Gjelavassdraget som er eit vassdrag verna mot kraftutbygging i verneplan IV, vil bli berørt. Det er i alle fall nemnt i utgreiinga, sjølv om det ikkje ser ut til å ha nokon verknad. Det er skuffande at denne typen konflikthar ikkje utløyser meir kreativitet for å finne betre løysingar, eller betre grunngeving for at dette ikkje er mogleg.

2. For den søre delen er det utgreidd to alternativ. Det austlege alternativet (3.1) er temmeleg ille, det vestlege (2.0) er endå verre. 2.0-alternativet vil redusere urørtområder i vesentleg større grad enn 3.1, og dette er mest avgjerande for vår vurdering av kva alternativ som er minst verst. Alternativ 3.1 unngår vidare fjordkryssing over Vinjefjorden.

Avbøtande tiltak

1. Forureinar må betale

420 kV kraftlina frå Tjeldbergodden til Trollheim blir det mest alvorlege naturinngrepet i området på mange tiår, og det må vera vilje til å gjennomføre vesentlege og kostbare avbøtande tiltak. Sidan tiltaket har sin årsak i bygging av gasskraftverk på Tjeldbergodden, meiner Naturvernforbundet at gasskraftverket må finne seg i å betale for dei avbøtande tiltaka som må til, jf. prinsippet om at forureinar må betale.

2. Kabling

Eksisterande kraftliner i Kårøydalen må kablast, som avbøtande tiltak. Det er meir enn nok med ei høgspenline i denne dalen.

Viss alternativ 2.0 blir ståande som einaste alternativ over Årvågsfjorden, ber ein om at det blir utgreidd eit alternativ for kabling ned lia på nordsida av Årvågsfjorden og med sjøkabel over fjorden. Vidare at ein ser nærare på strekningar mellom anna ved Bakksetra og ved Sandvatnet. Ein føreset at det då blir vurdert å bruke retningsbestemt fjellboring, slik at overflateinngrepa blir minimale.

3. Omsyn til fugl

Det er viktig at dei tiltaka som er nemnt i pkt. 7.4 i konsekvensutgreiinga blir gjennomført. Kollisjonsfaren for fugl er vurdert som betydeleg for mange strekningar, og avbøtande tiltak er viktige.

Med helsing

Norges Naturvernforbund

Tore Killingland
generalsekretær